View this email in your browser

Vises ikke bildene må du høyreklikke på ett av bilda og velje "last ned bilder".

Nye Ålesund kommune

# Nyheitsbrev juni 2018




Dette er eit nyheitsbrev som går ut til alle tilsette i nye Ålesund kommune. Brevet er meint å sikre at alle tilsette får samtidig og likelydande informasjon.




**Verktøy for tilsette**

nyealesund.no har fått eit nytt menypunkt som heiter Verktøy for tilsette. Her kan du finne kontaktinformasjon til tillitsvalde og verneombod, presentasjonar til bruk for informasjon til tilsette, og vedtatte dokument. Les meir...

6. juni var det leiarsamling for verksemd- og einingsleiarar og leiarar på rådmannsnivå. Du finn også informasjonen som blei gitt på det møtet under Verktøy for tilsette.




**Ein kommune som samhandlar og finn løysingar**

Nye Ålesund har innbyggarane i fokus og vil bygge ein organisasjon som samhandlar og er løysingsorientert. Det går fram av dei vedtatte prinsippa for overordna organisering av den nye kommunen. Les meir...



**Retningslinjer for omstillingsprosessen**
Fellesnemnda har vedtatt retningslinjer for omstilling. Etableringa av nye Ålesund kommune inneber ei verksemdsoverdraging og ei omorganisering som må vere i samsvar med avtaleverk og arbeidsrettsleg praksis. Retningslinjene skal sikre ei føreseigeleg verksemdsoverdraging og omstillingsprosess for alle tilsette i kommunen. Prosessen skal gjennomførast med medverknad frå tilsette sine representantar.

I tillegg til dei overordna retningslinjene vil det kome meir detaljerte retningslinjer som beskriv korleis, kva og kven som skal utføre dei ulike delane i prosessen for å oppnå likebehandling og god kvalitet i gjennomføringa. Les meir | Les sjølve retningslinjene




**Etiske retningslinjer for prosjektperioden**

Retningslinjene er gyldige fram til samanslåingsdatoen 1. januar 2020 og gjeld tilsette i prosjektorganisasjonen og tilsette i dei involverte kommunane som er med i arbeidet med å bygge den nye kommunen.. Les meir…




**Når skjer kva?**

Prosjektleiar er i gang med å tilsetje kommunal- og stabssjefar i den nye kommunen. Vedtak i fellesnemnda gjer også at prosjektet blir organisert slik som den nye kommunen skal vere. Les meir...




Følg oss på Facebook!

Følg med kva som skjer i prosessen med å danne nye Ålesund både på nyealesund.no og på Facebooksida Tilsette i nye Ålesund. Du treng ikkje vere tilsett for å kome inn på facebooksida – du treng heller ikkje like sida, berre følge den slik at du får med deg informasjon om kva som skjer. Du finn alle nyheitsbrev under punktet For tilsette på nyealesund.no

*Copyright © Nye Ålesund kommune*

www.nyealesund.no